

NATUR OG KULTUR

Brynesteinstransport



PÅ DELAR AV TUREN går du langs den gamle ferdselsvegen som vart bruka i høve transport av brynestein frå Eidsborg til Lastein (bryggja på Dalen der steinen vart skipa ut). Brynestein frå Eidsborg har vore ei eksportvare i meir enn 1000 år. Frå Vest-Telemark Museum i Eidsborg kan du vandre vidare opp i eit av brynesteinsbrota.

Teikning: John Skarprud

NATUR OG KULTUR

Rui



Foto: Anne Midjås

I DET STUPBRATTE BERGET

over Dalen ligg Rui, husmannsplassen der dei bitte-små systrene Ingerine og Gurine budde. Dei to systrene gifta seg aldri, og budde saman på Rui heile livet. Dei levde nøy-samt og var sterkt knytte til husmanns-

plassen – og til kvarandre. Berre ein gong reiste dei bort. Då var dei på besøk i Oslo, hjå kongen. Journalist Knut Eidem skriv om besøket i boka "Rui-jentene som kom til Kongen", ei historie som har gjort dei to systrene landskjende. På Rui gav dei aldri slepp på naturalhushaldninga. Dei heldt husdyr og dyrka korn og grønnsaker. Redskap kjøpte dei ikkje, alt dei eigde laga dei sjølve. Husmannsplassen står der den dag i dag, og det meste er bevart slik det var då systrene budde i den vesle stoga. Frå Rui er det ein praktfull utsikt over Bandak, Telemarkskanalen og Dalen.



www.vandretelemark.no www.visitdalen.com

Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Tokke kommune med støtte frå



1,5 / 5,5 KM / 2-3 TIMAR
TILRETTELAGT TURSTIG →

Dalen/Eidsborg Telemark

TURMÅL Dalen / Rui / Eidsborg
TEMA I Rui-jentenes fotspor



Rui. Foto: Arne Rosland

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

DALEN BRYGGJE

Anløp for kanalbåtane på Telemarkskanalen.

Foto: Geir Timland



EIDSBORG STAVKYRKJE

frå 1200-talet.

Foto: Henrik Dvergsdal



FLORA Mange varme-kjære planter veks i dei frodige liane opp frå Dalen.

Foto: Astrid Heggli



VEST-TELEMAR MUSEUM EIDSBORG

Heilårsoppe museum. «Årets museum 2012».

Foto: Henrik Dvergsdal



Om turen

KREVJANDE TUR

spekka med kultur og historie. Turen startar på Dalen Bryggje/Dalen sentrum (over vegen for Dalen B&B). Dalen Bryggje er bryggjeanlegg for Telemarkskanalen. Her er utstilling og serveringsplass. God plass til parkering. Vel du å gå frå Dalen sentrum bør du få med deg Rui-jentene som om sommaren står utanfor turistkontoret. Dei er avbilda i full storleik – om lag 1,20 meter høge.

I løpet av turen får du med deg fantastiske utsynspunkt og historiske stader som Riarhamaren og Rui. Informasjonstavler og tilrettelagde kvileplassar undervegs. Alternativ løype går opp frå kommunehuset på Dalen og via «Villaen». Denne store, raude bygningen var direktørbustad under drift av Molybdengruvene i berget.

Ta deg god tid opp liane. Ser du etter, vil du finne ein spanande flora med innslag av mange varmekjære planter.

Har du Eidsborg som mål kan du avslutte dagen med eit besøk på flotte Vest-Telemark Museum og museumskafeen. Her ligg óg ei av landets minste stavkyrkjer, Eidsborg Stavkyrkje.

Har du framleis att energi vel framme i Eidsborg kan du ta ein tur opp i dei kjende brynesteinsbrota. Historia om «Brynestein frå Eidsborg» er skildra inne på museet.

Køyreforklaring

Turvegen startar på Dalen/Dalen Bryggje.

Om du kjem langs E-134 frå aust, ta av i Høydalsmo og fylg Fv. 45 til Dalen. Dalen Bryggje ligg på venstre hand i det du kjem ned Eidsborgberget. Etter om lag 500m kjem du til Dalen sentrum. Frå Vrådal og Åmot langs Fv. 38 til Dalen: Du kjem fyrst til innkjøringa til Dalen sentrum, så får du Dalen Bryggje på høgre hand etter om lag 500m. God plass til parkering både ved Dalen Bryggje og i Dalen sentrum.

LES MEIR: Boka om Rui-jentene er for sal på turistkontoret. www.visitdalen.com

TOKKE TAXI: (+47) 909 71 909.

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart: Tokke
1 : 50 000



Ekvidistanse 20m
 = merkt sommarløype
 = naturstig



For oversikt over vandravennleg overnatting, sjå www.vandretelemark.no



Skotøy: Valfritt.
Totale høgdemeter: 468

Tilgang: april–oktober
Høgaste punkt:
Eidsborg 540 moh

